

**Tertiärrapport 2/2022**

## 0. INNLEIING

### Tertialrapport – bakgrunn:

Tertialrapporten er meint å vere ein rein avviksrapport der det som ikkje er kommentert må reknast å vere under kontroll. Rapporten er utarbeida på så grovt nivå som mogeleg.

Ingen avvik
Avvik, men under kontroll
Avvik, sak til kommunestyret

### Tertialrapport – oppbygging:

Det blir rapportert på fylgjande nivå:

- Tilsette - fråvær
- Økonomi
  - Løn
  - Andre kostnadars og inntekter
  - Vesentlege postar utanfor kommunen sin kontroll
- Investeringar
- HMS – andre forhold
- Vedtak – blir følgd opp ved eiga sak

### Definisjon av vesentleg avvik:

Rådmannen definerer vesentleg avvik som at Kommunestyret hadde fatta anna vedtak om dei hadde visst om avviket.

### Tertialrapport som ledd i anna rapportering:

Tertialrapporteringa er ei samling av informasjon frå månadsrapportering, men som ein sum pr. april og pr. august. Perioderapportene tek sikte på å gi signal om ev. naudsynlege justeringar av drift, medan årsmelding rapporterer historiske avvik. Dess lenger ut i året ein kjem, dess vanskelegare blir det å justere drift.

Kommunestyret skal ha melding om det som ikkje er gjort etter forventningar eller føresetnader (eller det som er gjort meir enn planlagt), årsaka til avviket og ei eige vurdering av kor alvorleg avviket er og om dette kan løysast administrativt.

### Kva fortalte tertial-rapport for fyrste tertial 2022?

Tertialrapporten for fyrste tertial gav signaler om eit sannsynleg meirforbruk på oppvekst-sektoren og på helse- og omsorgssektoren. Rådmannen har nytta perioden fram til no med å forsøke å skaffe seg oversikt, utan å ha lukkast i å få justert forbruket. Både oppvekst-sektoren og helse- og omsorgssektoren har mesteparten av sine kostnader relatert til løn. Ev. reduksjon av kostnader må bety reduksjon av mannskap og reduksjon av tenester til brukarane. I ev. kor stor grad brukarane blir påverka må ein større analyse til.

### Covid-19-pandemi

2022 er framleis eit år som har verknader frå Covid-19-pandemien. Dei daglege verknadene blir stadig mindre, men også i 2022 er det ført kostnader relatert til Covid-19. Ål kommune har pr. august 2022 ført om lag 3,5 mill. kroner som kostnad, men ved stikkprøvar er det mange kostnader som ikkje er ført med prosjektkode og følgjeleg fell utanfor det oppgitte talet. Det er likevel grunn til å tru at Ål kommune har hatt god økonomistyring.


Det er likevel nokre spørsmålsteikn om kor vidt aktiviteten har auka i perioden, og at aktiviteten ikkje er korrigert attende når vi har fått meir normale tilstander. Dette skaper noko usikkerheit med oppfølging av budsjett-tala.

#### Netto-budsjettering:

Netto-budsjettering er nytta av dei fleste kommunar i Noreg. Det kan sjå ut som om dette har ført med seg at ein har budsjettet netto-kostnadene som ei utgift i staden for å budsjettere både utgifta og inntekta.

#### Krig i Ukraina:

Russland sin invasjon av Ukraina har skapt store endringar i det internasjonale samfunnet, for Noreg og også Ål kommune. Prisen på mange råvarer har auka som følgje av både invasjonen og som følgje av spenningane og usikkerheita om framtida.



På kort sikt har mange prisar auka raskt og dei fleste vestlege land har ein høg inflasjon. Dette merkar ein også på lokalt plan på godt og vondt.

Straumprisane er blitt ein vesentleg del av folk sin bevisstheit, også i Noreg som har vore van med låge prisar. På to år har prisane auka frå «all-time-low» til «all-time-high», jf. diagrammet til høgre (øre/kWh)

For den vanlege innbyggjar og for det vanlege næringslivet i Noreg er dette utfordrande tider. Regjeringa har kome med straumpakker til hushaldningane og til landbruket, men førebels ikkje klare støttepakker til næringslivet.

I tillegg kjem dyrare innkjøp av varer og tenester som følgje av både auka straumpris og auka pris på andre råvarer.

Som om ikkje dette er nok har styringsrenta auka betydeleg. Sidan nyårsaftan har styringsrenta auka frå 0,50 % til 2,25 %.


Alle desse momenta har ført til eit ganske dramatisk fall i investeringsaktiviteten hjå dei private.

For Ål kommune som kraftkommune er situasjonen ikkje så dramatisk som for andre kommunar utan kraft-retter. Kommunen har store inntekter som delvis blir nytta til eigne støttepakker til fastbuande og næringslivet. Kjøp av straum til eigne formålsbygg nyt godt av ein relativt låg pris.

Der kommunen tidlegare ikkje fekk tak i handverkarar vil vi truleg kunne vere den lokale instansen som gjer at fleire verksemder igjen vil tilby tenestene til kommunen etter å ha vore opptekne av ein byggeboom i lang tid.

## 1. TILSETTE - SJUKEFRÅVÆR

Totalt sjukefråvær 2022, månad for månad:




Kommentar:

Det totale fråværet varierer veldig fra månad til månad, nesten alltid høgast fråvær på vinteren og minst på sumaren. Åra 2020 – 2022 vil ha ein del særskilte avvik som skuldast Covid-19.

Det er store skilnader mellom avdelingane.

Eit sjukefråvær på 10 % betyr at kommunen manglar mellom 40 og 50 i desse periodane. Det skal bety noko for kollegar og for tenesta.

#### Korttidsfråvær månad for månad (fråvær 1-16 dagar):



#### Kommentarar:

Korttidsfråværet er ofte den viktigaste indikatoren på trivsel, sjølv om også dette kan være tilfeldig. Det er eit nok høgare korttidsfråvær enn det som ein burde ha som mål. Det er ikkje rapportert om fråvær som er relatert til arbeidsplassen utan at det samstundes blir følgd opp fra arbeidsgjevar.

#### Rådmann med sentraladm. (inkl. barnevern og Hallinghelse):

Pr. 2. tertial er det eit korttidsfråvær på 1,8 %. Det totale fråværet er på 9,9 %. Nokre avdelingar har opp mot 30% fråvær, i periodar meir enn 50 % fråvær.

Fråværet er ikkje rapportert som arbeidsrelatert, men vi har kopla inn bedriftshelsetenesta og det blir arbeidd med «Tett-på»-program , felles-samlingar og individuelle samtaler.

#### Barnehagane:

Relativt høgt sjukefråvær – totalt 8,4 % pr. 2. tertial. Korttidsfråværet er 4,0 %. Fråværet blir følgd opp m.a. med bruk av «Tett-på»-program.

#### Skulene:

Det totale fråværet pr. 2. tertial 2022 er 6,7 %. Korttidsfråværet pr. 2. tertial er 2,7 %. Fråværet blir følgd opp m.a. med bruk av «Tett-på»-program.

#### Oppvekst - anna:

Dette gjeld oppvekstadministrasjon, leirskule og innvandartenesta. Det totale fråværet pr. 2. tertial er 9,4 %, av dette er 3,1 % korttidsfråvær.

#### Kultur:

Det totale sjukefråværet har vore 9,4 % pr. august. Av dette er 1,9 % knytt til korttidsfråvær.

#### Helse inkl. miljøterapiteneste (inkl. PPT og helsestasjon frå 2022):

Sjukefråværet pr. 2 tertial er 9,7 % totalt. Korttidsfråværet er 3,2%. Det er store skilnader mellom avdelingane. Noko skuldast verknader av Covid-19 – fyrste tertial. Sjukefråværet er tema på alle samlingar med leiarane og tiltak blir sett i verk.

Omsorg – Stugu/natt/Gjestetunet:

Korttidsfråværet er 3,4 % og det totale fråværet er 9,1 %. Det er skilnader mellom dei einskilde avdelingane. Tiltak er satt i verk

Teknisk inkl. sjølvkost og KAV (Kommunalt Avløpstilsyn):

Det er registrert 4,4 % fråvær totalt pr. august 2022, av dette er 1,8 % korttidsfråvær

## 2. ØKONOMIPERSPEKTIVET

- 2.1 Løn korrigert for refusjon svangerskap og sjukdom og eksklusiv sosiale kostnader-hovudoversikt (10100:10899,17100:17014)  
For helse- og omsorg inkl. 12701 (vikarbyrå) og 13700 (kjøp av eksterne omsorgstenester)

Kommunesektoren er ei arbeidskraftsintensiv verksemd der lønskostnader for enkelte

### Meirforbruk pr. august (sosiale kostnader kjem i tillegg):

Verksemd - rapportering	Kode avvik	Meirforbruk pr. august (+)	Årsak til avvik:
Oppvekst		+4.500.000	2.1.2
Helse og omsorg		+18.000.000	2.1.3

### Mindreforbruk pr. august (sosiale kostnader kjem i tillegg):

Verksemd - rapportering	Kode avvik	Mindreforbruk pr. august (-)	Årsak til avvik:
Rådmann med stab		-2.900.000	2.1.1
Kultur		-500.000	2.1.4
Teknisk		-900.000	2.1.5

### Kommentarar:

Oppsettet er rapportert slik budsjettet vart vedteke på hovudsvarsnivå. Frå neste år vil vi forsøke å gruppere dei ansvara som er interkommunale og der Ål er vertskap.

Rapporten tek omsyn til alle direkte og indirekte lønskostnader korrigert for refusjon sjukdom og svangerskap. Sosiale kostnader er helde utanfor for å ikkje komplisere samanliknbare tal.

I helse- og omsorgssektor har vi også rekna inn kjøp av tenester frå vikarbyrå og kjøp av tenester frå eksterne firma som leverer omsorgstenester til spesielle brukarar. Tanken er kommunen nytter vikarbyrå i ein kortare periode når ein manglar kompetent personell, vikarbyrået nyttast i staden for eige personell (men til ein høgare kostnad). Kjøp av tenester frå eksterne omsorgsfirma blir kjøpt som heile tiltak for særskilte brukarar der kommunen ikkje sjølv er i stand til å bygge opp ein tilfredsstillande teneste.

Vesentlege avvik som ikkje blir kommentert må reknast som under kontroll.

### Andre moment – løn pr. august:

Covid-19-relaterte lønnskostnader er ført etter reglar fastsett av rådmannen, dvs. reine ekstra-kostnader korrigert for refusjon for sjukdom og svangerskap. Det er ført om lag 2,8 mill. kroner som lønnskostnader. Det skal vere mange stader der ein ikkje har ført løn på prosjektkode.

### 2.1.1 Rådmann med stab:

Rådmannen med stab har eit betydeleg mindreforbruk av løn. Ettersom både barnevern og Hallinghelse er ein del av dette reknestykket kan ein ikkje utan vidare nytte av mindreforbruket for å justere for meirforbruket andre stader. Mindreforbruket utover det er diverse knytt til ein del sjukerefusjon utan at vi har makta å skaffe naudsynleg kompetanse for å hjelpe oss. For ein stor del har vi difor kjøpt ekstern bistand frå programvareleverandør som støtte for anna personell. Sjå elles også

### 2.1.2 Oppvekst

Området ser ut til å ha eit meirforbruk pr. august på om lag 4,5 mill. kroner. Vi veit no at meirforbruket aukar i september, som betyr at skuleåret 2022-2023 starta med eit meirforbruk. Det som er aktiviteten på oppvekst-området i september vil for ein stor del påverke heile skuleåret og barnehageåret 2022-2023. Ev. større justering av aktivitet vil difor kunne skje frå hausten 2023.

### 2.1.3 Helse- og omsorg

Området inkluderer interkommunal legevakt. I tillegg er PPT for øvre Hallingdal og helsestasjonen overført frå oppvekst-sektoren frå 2022 utan at dette er årsak til meirforbruket på om lag 18 mill. kroner pr. august.

Av meirforbruket pr. august er 15 mill. kroner knytt til bruk av vikarbyrå. Helse- og omsorgssektoren har nytta budsjetterte lønnsmidlar om lag i balanse med periodisert løn; vakansar er altså ikkje årsaka til meirforbruket av vikarbyrå.

Kjøp av tenester frå andre leverandørar av omsorgstenester har eit meirforbruk på om lag 3 mill. kroner. Fleire av desse tenestene er knytt opp mot einskilde tilfelle som gjev refusjon frå staten for 80 % av kostnadene utover eit beløp tilsvarande 1,4 – 1,5 mill. kroner pr. brukar, for andre 2,3 – 2,4 mill. kroner pr. brukar. Vi reknar med at nokre av meirkostnadene vil bli dekka som refusjon for ressurskrevjande brukarar.

Trenden for helse- og omsorgstenester i Ål er ganske likt det som veldig mange andre kommunar opplever; kostnadene til helse- og omsorgstenester aukar mykje meir enn det som var forventa. Om det er drifta som er utan tilstrekkeleg kontroll eller om det er budsjettet som er for lågt skal vere usagt. Vidare skal det vere usagt i kor stor grad ekstra-ordinære tiltak i samband med Covid-19-pandemien har vært med og skape meir permanent beredskap og tilbod.

### 2.1.4 Kultur

Det har vore eit lite mindreforbruk på kultur-sektoren, i stor grad knytt til refusjon sjukdom og vakansar. Det same var Det har vore eit lite mindreforbruk på kultur-sektoren, i stor grad knytt til refusjon sjukdom og vakansar. Det same var tilfelle også i 2021. Det vil ikkje vere heldig å nytte desse innsparingane for å også i 2021. Det vil ikkje vere heldig å nytte desse innsparingane for å finansiere andre avdelingar sitt meirforbruk ettersom også kultur har oppgåver som ikkje er gjennomført som følgje av vakansar og sjukefråvær.

### 2.1.5 Teknisk

Teknisk avdeling har hatt vakansar og har nytta innsparte midlar til å gjere einskilde innkjøp.

## Anna – Periodisert løn

Dei siste åra har revisjonen peika på at periodisert løn i desember skal førast i året som lønskostnadene oppstår. Skilnaden mellom å gjere periodisere løn for desember og slik tidlegare praksis har vore – kostnadsføre 12 månadsløner utan å tenke presis kva for månad løna gjelder for – er for normal-år marginalt. MEN; fyrste året ein gjer arbeidet vil ein få noko meir enn 12 månadsløner. Det kan vere greitt å gjere denne endringa frå 2022 og vi tek med dette som ein del av budsjettjusteringa.

Rådmannen vil krevje at avdelingane får levert frå seg variabel løn innan 30.11.2022 så langt som råd.

## Konklusjon

Lønsbudsjettet inkl. vikarbyrå og kjøp av tenester til omsorgstenester vil heilt openbart sprekke i 2022. For skulesektoren vil budsjettet truleg sprekke med til saman 10 mill. kroner.

Rådmannen reknar med slike justeringar som heng saman med lønsrelatert forbruk:

- Oppvekst-sektoren – i hovudsak skule:
  - Lønskostnader – pluss 8 mill. kroner
  - Pensjonskostnader – pluss 1,1 mill. kroner
  - Arbeidsgjevaravgift – pluss 0,9 mill. kroner
- Helse- og omsorgs-sektoren – føreset
  - Kjøp av tenester vikarbyrå – pluss 16 mill. kroner (korrigert for litt lågare kostnader til løn)
  - Kjøp av tenester – eksterne tenesteleverandørar særskilte tiltak – pluss 8,0 mill. kroner
  - Auka refusjon – ressurskrevjande brukarar – INNTEKT PLUSS 10 mill. kroner
- Periodisering – fordelt i hovudsak på omsorg som har mest variabel aktivitet i desember vil krevje om lag 5 mill. kroner som eit eingangsbeløp.

Totalt vil lønsbudsjettet (samt lønsrelatert aktivitet) måtte aukast med netto 38,0 mill. kroner og tilsvarande refusjon kunne aukast med 10 mill. kroner. I tillegg kjem periodisering av løn med 5 mill. kroner inkl. sosiale kostnader.

Avdelingane må forvente å gå gjennom sine aktivitetar for å sikre at budsjettgrunnlaget er mykje sikrare samt gå gjennom sine rutinar for å sikre at tilsettingar og bruk av ekstern bistand er i samsvar med tildelt budsjett.

## 2.2 Andre kostnader

**Totalt – andre kostnader pr. august (rekneskap pr. august 2022 – periodisert budsjett pr. august 2022 – rekneskap pr. august 2021 samt avvik) – alle tall i hele 1.000 kroner**

*Artane 11000:12700,12702:13699,13701:14289,14291:14999*

H arts	Hovudarts-gruppe	R 2022-8	B 2022-8	R 2021-8	R 2022-B2022	R2022-R2021
11	Kjøp av varer og tenester som inngår i k	54 475	58 288	59 969	-3 813	-5 494
13	Kjøp av vare og tjenester som erstatter	56 758	43 357	38 330	16 401	12 790
14	Overføringer	19 416	15 882	15 917	3 534	3 499
	<b>Totale kostnader</b>	<b>130 649</b>	<b>117 527</b>	<b>114 216</b>	<b>16 122</b>	<b>10 795</b>

Ekstra-kostnadene relatert til Covid-19-pandemien er med i oppsettet over. Det er ført berre 156.000 kroner som kostnad på andre varekjøp pr. 2. tertial 2022. Til samanlikning vart det ført 780.000 til same føremål pr. same periode i 2021.

### Kommentarar:

Kostnadene i budsjett er periodisert etter normalt forbruk. Avvik kan henge saman med andre aktørar sine rutinar for å periodisere eller sende ut rekningar. Avvika vil for det aller meste ha samanheng med periodisering, men ingen avvik definerast som vesentlege.

Gruppeart 11: Kjøp av tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon

Gruppeart 13: Kjøp av tenester som erstattar communal tenesteproduksjon

I all hovudsak skuldast avviket periodisering av kostnader til vertskommunetilskotet til Gol. Vidare er det ein del kjøp av tenester som gjeld barnevern, men som vil ha tilsvarende refusjon frå andre kommunar (kunne også ha vore løyst ved betre periodisering).

Gruppeart 14: Overføringer

### Avvika gjeld:

- I all hovudsak skuldast meirforbruket tilskot som er delt ut frå kultur, både direkte tilskot og forskottering av spelemidlar. Dette heng saman med tidlegare vedtak.

### 2.2.1 Kostnader – finans – anna

Kostnadene til renter er noko lågare enn periodisert budsjett. Rentesatsen for innlån (og innskot) har auka betydeleg gjennom året. Høgare renter betyr mindre til disposisjon til andre føremål. Samstundes har Ål kommune også pengar på bok der auka renteinntekter veier opp noko.

Området er under kontroll, men bør truleg bli justert opp noko for å møte siste tertial.

## 2.3 Inntekter

**Totalt – andre inntekter pr. august (gjelder postar som ikkje blir kommentert andre stader):**

*Artane: 16000:17009,17300:17800,18100:18500,18770,18771,18800:18903*

H arts	Hovudarts-gruppe	R 2022-8	B 2022-8	2021-8	R 2022-B2022	R 2022-R2021
16	Salgsinnt	-59 176	-44 529	-44 963	-14 647	-14 213
17	Refusjoner	-59 916	-48 227	-59 242	-11 689	-674
18	Overføringer	-7 792	-4 509	-4 757	-3 283	-3 035
	<b>Totale inntekter</b>	<b>-126 884</b>	<b>-97 265</b>	<b>-108 962</b>	<b>-29 619</b>	<b>-17 922</b>

### Kommentarar:

Det kan vere komplisert å trekke klare konklusjonar på inntektene sett opp mot prognose. Dette heng m.a. saman med i kor stor grad øyremerka tilskot er teke med i budsjettet eller ikkje. Ål har tilfelle av at både kostnader og inntekter er budsjettet, nokre gonger berre kostnaden, nokre gonger berre inntekta, nokre gonger ingen av dei.

Uansett er samanliknbare tal med 2021 kompliserte.

### Gruppeart 16 – Salsinntekter

Som ein kan sjå er periodisert inntekt ganske lik rekneskapsført inntekt pr. august 2021. Avviket pr. august 2022 skuldast inntektsføring av kommunale avgifter – i alt 14 mill. kroner – som i periodisert budsjett er rekna å komme i tredje tertial, men som vart fakturert i august. Dette vil ikkje få konsekvensar for den totale rekneskapen, vi kan ikkje rekne dette som meirinntekter.

### Gruppeart 17 – Refusjonar

Refusjonar pr. august 2022 er nesten heilt likt tilsvarande periode i 2021, men betydeleg meir enn periodisert budsjett. Dette heng saman med kor tid dei interkommunale verksemndene blir fakturert, sjå også punkt om gruppeart 13 – Andre kostnader. I grove trekk skuldast dette at periodisering ikkje er i samsvar med reell fakturering. Det er førebels ikkje komme signal om meir-inntekter som kan brukast på andre områder med eit unnatak – refusjon for ressurskrevjande brukarar er budsjettet nøkternt.

Frå 2023 har rådmannen lagt opp til anna rekneskapsmessig organisering av dei områda der Ål kommune er vertskap i den hensikt å nøytraliserer verknadene av om lag 115 mill. kroner i omsetning, samt formalisere refusjonar av desse. Då blir også periodisering mykje enklare.

### Gruppeart 18 – Overføringer

Forskottering av spelemedlar har ei budsjettmessig utfordring. For å unngå fleirårs-verknad av same utfordring reknar vi med at spelemedlar blir betalt attende som føresett. 2,8 mill. kroner av avviket skuldast noko av same forholdet som er nemnd under gruppeart 14 – andre kostnader.

### 2.3.1 Inntekter – finans - anna

#### Bank-innskot:

Inntekter fra bankinnskot vil øke i samsvar med øka rentenivå. Pr. andre tertial ligg vi på nivå med periodisert budsjett. Ettersom Ål har større innlån enn innskot i bank, vil høyere rentenivå være ei ulempe for kommunen.

Kommunen må revidere finansreglementet. Dette jobbar rådmannen med, men administrasjonen slit med ressursane. Truleg vil også økonomireglementet bli revidert og lagt fram for nytt kommunestyre etter valet i 2023, om det er akseptabelt for kommunestyret.

### 2.3.2 Frie inntekter – skatt og rammetilskot - spesifikasjon

Dei frie inntektene er rekna med i oppsettet over inntekter i punkt 2.3. Dette punktet er ei spesifikasjon.

Skatteinntekter og rammetilskot må normalt sjåast i samanheng ettersom høyere skatteinngang enn rekna og høyere skatteinntekter enn landet elles vil medføre låtere rammetilskot – inntektsutjamning. Dette er avhengig av skatteinntektene for kommunen sett opp mot gjennomsnittet i landet. Ål kommune ligg pr. juli 2022 på 97% av landsgjennomsnittet (tilsvarende tal i 2021 var 102%) enda vi har øka skatteinntekter frå 2021 med 6 %. So lenge resten av landet har fått øke i sine skatteinntekter med meir enn Ål, kjem vi dårlegare ut sett opp mot gjennomsnittet.


Til orientering har dei andre kommunane i Hallingdal slik skatteinngang pr. august (i % av landet elles – tal for 2021 i parentes):

Flå	-	103% (101%)
Nesbyen	-	102% (99%)
Gol	-	100% ( 98%)
Hemsedal	-	121% (120%)
Hol	-	149% (142%)

Dei kommunane som har meir enn 100% av gjennomsnittet i landet blir trekt i rammetilskot (symmetrisk inntektsutjamning) dei som har mindre enn 100% får tillegg.


Det er også ei justering som skal kompensere kommunar som har mindre enn 90 % av gjennomsnittet for landet, der alle kommunane i Hallingdal bidreg til desse kommunane med liten skatteevne.

**Skatt:**



Diagrammet over syner skatteinntekter månad for månad sett opp mot same periode 2020 og 2021. Det er laga ei prognose ut frå siste års skatteinngang. Det er rein gjetting.

## Rammetilskot:



Som nemnd under punkt om skatteinntekter, så vil Ål sitt rammetilskot bli korrigert dersom skatteinntektene endrar seg fra norma i kommune-Noreg elles. Som ein kan sjå av diagrammet over, så har Ål fått noko mindre enn prognosene og marginalt meir enn åra tidlegare – pr. august. Ut frå andre informasjonar, så skal Ål trekkast ytterlegare i rammetilskotet seinare i haust, med ein del usikkerheit m.o.t. kompensasjon for kostnader relatert til Covid-19.

## Generell kommentar:

Skatteinntekter og rammetilskot må sjåast i samanheng. Rammetilskot skal gi alle kommunar ein viss tryggleik for at ein har eit inntektsnivå der ein kan produsere dei tenestene som staten legg til grunn. Rammetilskotet består av svært mange element og ordningar som kvar for seg vil verke på inntektene og grunnlaget for ein kommune. Folketalet er ein viktig del av rammetilskotet.

Elementa som rammetilskotet reknast ut frå, er føreslege endra.

### 2.3.3 Eigedomsskatt

Artar	Hovudarts-gruppe	R 2022-8	B 2022-8	2021-8	R 2022-B2022	R 2022-R2021
187xx	Eigedomsskatt	-36 463	-19 500	-39 000	-16 963	2 537
	<b>Totale renteinntekter</b>	<b>-36 463</b>	<b>-19 500</b>	<b>-39 000</b>	<b>-16 963</b>	<b>2 537</b>

## Generelt:

Ål kommune har bokført litt mindre eigedomsskatt enn periodisert budsjett. Dette vil ikkje endre seg utover i haust. Avviket skuldast periodisering, sjølv om det er openbart at vi ikkje vil nå budsjettet beløp i 2022. Redusert eigedomsskatt i 2022 har også samanheng med grunnlaget for kraftselskap etter særslig kraftprisar i 2020. Dette vil endre seg betydeleg omvendt i åra som kjem når verknadene av straumprisar i 2021 – 2022 blir del av eigedomsskattetaksten.

## 2.4 Investeringsar

Prosj/obj	Prosjektnavn	R 2022-8	B 2022
001	Kjøp av familiens hus (barnevernsbygg)	-369	0
003	Møbler til Stugu	239	0
006	Ny brønn Torpo VV ved Hallingselva	81	0
007	Gangveg Torpo næringspark-bru Lya	93	1 400
008	Oppgradering/erstatning avd Djup ?	0	120
009	Ny fasade Tingstugu	0	480
011	Fornying låsesystem gammal del Ål helsetun	0	400
012	Stavin 12 - nytt tak	0	350
013	Næringsstomter Wangen Torpo	446	0
014	Massedeponi forprosjekt og opparbeiding	0	200
015	Kryssing Hallingdalselva	0	160
016	Prøvebustad som leilighetsbygg,Hago,Stavin eller 112/48 - S	652	10 000
017	Heis fysikalske	0	280
018	Ventilasjonsanlegg Nedre Ål	203	1 040
019	Ventilasjon Tingstugu	180	1 600
020	Helsehuset - ventilasjon	17	0
022	Ål idrettshall, nytt låsesystem	299	120
024	Gangveg bru Lya - Torpo kyrkje	0	4 800
025	Idrettshall renovering garderober, toalettanlegg	6	2 000
026	Wifi Ål kommune	0	1 200
029	Rasfarevurdering	0	160
032	Branntrygging	327	680
043	Omsorgsbustader unge funksjonshemma	36	0
048	Oppgradering kinoutstyr, nytt lerret og kinomaskiner	144	0
060	Kleivi - vassforsyning	2 727	2 728
066	Trafikksikring/Trafikk	487	800
072	Leikeapparat skule/barnehage	38	0
087	IKT-utstyr oppvekst	153	320
092	Renovasjonspunkt	592	1 000
096	Bilar helse/sosial	0	1 080
099	Bilar sjølvkost	165	0
103	Ål kulturhus utbygging	129	0
114	Bil vaktmestertenesta	0	120
121	Overføringsledning Votndalen	41	0
124	Renovering av leiligheter Brattebakken	1 366	720
125	Utskifting av maskiner veg og park	2 095	2 000
132	Prestegardsjordet- avd.miljøterapi	98	0

	... Investeringsoversyn fortsetter		
Prosj/obj	Prosjektnavn	R 2022-8	B 2022
133	Sentrumsutvikling	44	480
137	Oppussing av Leveld skule og ventilasjon	85	0
138	Varmeutveksling Ål ungdomsskule	241	0
140	Rehabilitering hovudledning Bekkefaret	2 343	0
171	Asfaltering/vegvedlikehald	1 301	2 800
172	Rehabilitering vatn/kloakk	229	1 000
174	Grunnkjøp / sal av grunn	0	200
189	Fenderplater Ål Helsetun (K-sak 40/2022)	0	200
	Totalt	<b>14 487</b>	<b>38 438</b>

Forbruket syner ein litt for vanlig situasjon for Ål kommune (som for mange kommunar). Dette er ofte nemnd; Ambisjonane i form av budsjett er større enn evna til å gjennomføre prosjekta. Årsaka er fleire, men vi må forsøke så godt vi kan å vere realistiske i våre ynskjer og forventningar.

Det er eigentleg meir avvik ettersom administrasjonen skulle ha overført også unytta investeringsløyingar frå 2021 til 2022. I sak om budsjettjustering vil det bli ei gjennomgang av prosjekta og framlegg til budsjettjusteringar også for investeringsprosjekta. Vi nemner ikkje avvik anna enn i sjølve saka om budsjettjustering.

### 3. OPPFØLGING AV VEDTAK – KOMMUNESTYRET PR. AUGUST 2022

Sak	Sakstittel	Avvik	Kommentar
16/2022	Busetting av flyktningar 2022 – ny oppmoding frå IMDI grunna krigen i Ukraina		
20/2022	Sentrumsnære bustader - ekstraløyving		Byggearbeidet er i gang både på Stavin og på Hago
22/2022	Energitiltaksfond 2022 - reviderte retningsliner		
23/2022	Forvaltningsrevisjonsrapport - Tilpassa opplæring og spesialundervisning		Saken er sendt til handsaming i suko/sho. Plan for iverkesette tiltak presenterast i augustmøte samt skal utvala haldast fortløpende orientert
30/2022	Pilotprosjekt skulemat Ål ungdomsskule		
31/2022	Bu- og blilyst - vegen vidare		Prosjektleder er på plass med oppstart 1.8.2022 - 30.6.2023. Vi skal i løpet av høsten jobbe med en stillingsutlysing for periode 1.7.2023 - 30.6.2025
40/2022	Budsjetjustering 2022 - investering byggforvaltning		Ikkje lagt inn av økonomiavd i revidert budsjett enno.
43/2022	Sal av kommunal fiber		Salet må gjerast før Hallingdal samla. Ikkje alle kommunar har behandla saka enda.
47/2022	Tilstandsrapport skulen i Ål 2021		
48/2022	Vedtak - Detaljreguleringsplan - gang- og sykkkelveg Wangen - Torpo stav kyrkje - Planid 2019005		
49/2022	Rabatt til hushaldskundar i Ål Kraftverk KF hausten 2022		

## 4. HMS – andre forhald

### 4.1 Rådmann med stab:

Det har vore til dels stort sjukefråvær på ein del avdelingar i stab. I liten grad har vi makta å skaffe kompetanse som kan hjelpe oss på kort sikt. Fleire medarbeidararar har vore nøydd til å omprioritere eigne oppgåver for å få gjort det aller viktigaste. Dette betyr store restansar på mange oppgåver som igjen har ført til stor slitasje på den einskilde arbeidstakar og deretter heile organisasjonen. Vakansar som skuldast langvarig sjukefråvær har den effekt av vi ikkje kan lyse ut med lengre tidshorisont.

Det er ikkje gjennomført vernerundar, men blir gjort etter HMS-kurs i veke 37.

Rådmannen med stab har starta sondering rundt etablering av eit formalisert samarbeid på løns- og personal-sida mellom kommunane Hemsedal, Gol og Ål. Hensikten med samarbeidet er å skape eit noko større fagleg miljø, styrke kvaliteten, redusere sårbarheit og helst sørge for betre kvalitet ut til våre tilsette.

Det er samstundes satt i verk ein del tiltak på personal-sida når det gjeld arbeidsavtalar, rekruttering og vernerundar.

### 4.2 Oppvekst:

Oppvekst har slitt med tilsetting i fleire leiarstillingar og vi har vore nøydd til å lyse ut fleire gonger. Det er også utfordringar med å tilsette i administrative stillingar. Dette fører til at fleire oppgåver må forsøkast løyst av oppvekstleiar og skulefagleg rådgjevar.

For ein del stillingar på leiarnivå er det mange nytilsette. Det er nokre stillingar som står vakante og er under tilsetting.

Samstundes er det såkalla normal drift og det er krevjande å følgje opp. Me ser lysare på det for første kvartal neste år.

Det er fokus på økonomistyring i skule. Det er alt for høgt overforbruk i skule. Det er no sett i gang tiltak for oppfølging av stillingsheimlar i skule, kostnadar til fastlønn og kompetanseheving i sektor skule for økonomistyring og budsjettoppfølging.

Hallingdal leirskule er under oppfølging og omstilling. Hallingdal leirskule ligg ikkje organisert under Skattebøl skule, men under oppvekstkontoret inntil vidare.

### 4.3 Helse- og omsorg:

Korona påverkar fortsatt drifta. Ein ser det ved auka fråvær, og slitasje i personalgruppa.

Legetenestene har hatt ein stor belastning dei to siste åra, og har også ei markant auke i sjukefråvær dette siste året. Fleire av dei erfarne sjukepleierane har avslutta sitt engasjement. Nytt dokumentasjonssystem Pridok er satt i drift i september d.å.

Helse- og omsorgssektoren har store utfordringar i drift både når det gjeld fleire tenestemottakerar, og tenestebehov og rekruttering. Demografiske endringar påverkar også tenestebehov og teneteutøving. Slitasje i samband med covid. Totalt gir dette til saman ei auke i kostnader.

Det er signalert nye ressurskrevjande tenestebehov i sektoren.

Det har pågått interkommunale forhandlingar for nattlegevakt, og lokale forhandlingar for lokal legevakt. Dette vil ha følger for regnskapet for 2022. Avtale for nattlegevakt er i havn – den andre

avtala håpar me kjem på plass i løpet av kort tid. To fastleggar har valt fastlønsavtale, medan ein tredje vurderar det same.

Institusjonsavdelingane har dei siste månadene hatt ein oppgang i talet på pasientar og er attende til normal drift. Det er store utfordringar med å skaffe kvalifisert helsepersonell.

Seniorressursen – Ål kommune har gått til innkjøp av ein innbyggjar – app. Denne viser ulik aktivitet og gir nyttige orienteringar.

I høve til rekruttering arbeidar sektoren tett med HR-avdelinga. I tillegg tek ein inn 5 nye lærlingar. Hallingdal har også fått på plass ei flexi-sjukepleieutdanning på Torpomoen, her er 4 frå Ål.

Arbeidet med etablering av Familiens hus har kome godt i gang. Gjennom tverrfagleg samarbeid på tvers av fagområder vil foreldre og born få ein lettare veg inn til hjelpeapparatet. Det er også etablert eit helseteam i samband med oppretting av akuttmottak og busetting.

Kommunalsjefen meiner at helse - og omsorgssektoren yter tenester av god fagleg tenestekvalitet til innbyggjerane i Ål, men drifta er ikkje bærekraftig.

#### Særskilde forhold:

**Rekruttering** – Det er store utfordringar med å rekruttere helsepersonell i dei fleste stillingar.

**Ressurskrevjande tenester** - er det behov for å kjøpe ressurskrevjande tenester frå ekstrene firma for å ivareta fagdekning på lovpålagte tenester.

**Bruk av vikarbyrå** – For å ivareta kvalitet på fagdekning må sektoren kjøpe fagkompetanse frå ekstrene firma. Dette påfører sektoren utvida utgifter i tillegg til forskyvning av vakter.

**Legeavtaler** Tre legar har bedt om fastløn, istadenfor å vere sjølstendig næringsdrivande. Ål kommune har i tidlegare avtala opna opp for at legen sjøl kan velje. Denne endringa må inn i budsjettet.

**Intermediæravdeling HSS** Beleggsprosenten for bruk av kommunale sengeplassar ligg i snitt på 68 %. For at tenesten skal gå i balanse må beleggsprosenten ligge på 82,6%. Tross ny regional avtale vil IMA sansynlegvis gje Ål kommune omlag 1,5 mill i tilleggsutgifter for 2022.

#### 4.4 Kultur:

Kultursektoren har i 2022 januar-august hatt konstituert leiar, og sjukefråvær. Vidare har det vore svangerskapspermisjon t.o.m juni, med tilhøyrande vikar.

Nylig tilsett kultursjef vil som ein konsekvens av dette trenge noko ekstra tid på å orientere seg i det føregåande året.

#### 4.5 Teknisk:

De tekniske avdelingane har utfordringar med å få tak i delar og handverkarar til vedlikehaldsoppdrag. Ein del prosjekt er nøydd til å setjast ut til neste budsjettår.

Det er også nokre vakansar internt, men vi har fått tilsett i stillingane og vil vere full bemanna frå januar 2023.

## 5. GENERELLE SLUTTKOMMENTARAR

### Dei frie inntektene:

Dei frie inntektene ser ut til å nå vedtatt budsjett og vel så det. Normalt veit vi ikkje dette før tidleg i desember. Åra 2020 – 2021 var spesielle år med mange tilskot knytt til Covid-19. År 2022 er det enda meir usikkerheit ettersom det har vore stor skattevekst for dei fleste kommunar. Dessutan er dei store kraft-inntektene for ein del kommunar for fyrste gong satt i spel og for fyrste gong kopla til rammetilskotet.

### Andre driftsinntekter:

Andre driftsinntekter ser ut til å nå vedtatt budsjett.

### Lønskostnader korrigert for refusjon sjukdom og svangerskap, men tillagt vikarbyrå og kjøp av tenester som erstattar communal organisering og communal løn:

Det vil bli eit relativt stort meirforbruk totalt sett. Dette gjeld skule-sektoren, men mest helse- og omsorgs-tenestene.

### Andre driftskostnadars / driftsutgifter:

Andre driftskostnadars er under kontroll.

### Andre netto finanskostnadars:

Det høgare rentenivået får ein halvårsverknad, men kan så langt sjåast opp mot tilsvarande auka renteinntekter på kommunen sine bankinnskot.

### Netto bruk av fond:

Kostnader som skal dekkast av fondsmidlar samt inntekter som skal overførast til fond blir normalt ikkje gjort noko med før ved årsslutt

Det er som oftest også store avvik m.o.t. planlagt bruk som heng saman med forskjellige betingingar knytt til løyvinga

### Investeringane:

Det er som vanlig store avvik mellom budsjett-mål og kva som vi makter å gjennomføre i løpet av budsjettåret. Dette heng ofte saman med at kostnadene er avhengige av tredje-part. Ei særst stor byggeaktivitet elles i samfunnet og store oppdragsmengder for våre naturlege leverandørar gjer at kommunane blir prioritert ned.

### Vedtak:

Det er gjort nokre politiske vedtak gjennom året som krev eigne budsjettvedtak. Meninga var å ta dette som ei eiga sak i samband med tertialrapport nr. 1. Vi rakk ikkje det og vi må difor gjere det i samband med tertialrapport nr. 2. Det er ikkje ynskjeleg med så sein handsaming og for framtida må vi forsøke å få til tettare løysing på det som vi gjer melding om i tertialrapportane.